



Øystein Toppe Thunold
Heiane 24
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1702 - 21/67401

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
08.10.2021

Ferdigattest ombygging einebustad - gbnr 327/151 Moldekleiv

Administrativt vedtak: Saknr: 1055/21
Tiltakshavar: Øystein Toppe Thunold
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for ombygging av einebustad på gbnr 327/151. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.03.2021. Det ligg føre dokumentasjon for utført kontrollmåling av 2 etg.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.09.2021, med melding om ferdigstilling av gjenstående arbeid motteken 27.09.2021.

Skildring

Adresse:	Heiane 24
Bygningstiltak:	Einestad - ombygging
Bygningsnummer:	21168823 -1
Bruksareal:	238m ²

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1702

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Øystein Toppe Thunold

Heiane 24

5919

FREKHAUG